



Foreldrekveld: Trygg og god skulestart

Det du viser på skjermen:	Handling
Eventuell eigen PowerPoint for eigen del av møtet	Ønske velkomen og informere om plan for møtet, inkludert rekkefølge og tidsbruk Eventuelt informasjon eller drøftingssaker som skulen vil inkludere i møtet. Det er lurt å gjere dette først om alle skal vere samla. Alternativet er å ha felles tema-del først, og så gå på ulike avdelingar.
Opne nettsida	Introduser temaøkt: I denne delen av møtet skal vi bruke eit opplegg som er laga av Livet&Sånn. Møtet kjem utan forelesar, men vi gjer så godt vi kan og brukar dette saman. Vi skal sjå eit par filmar, og snakke litt i grupper. Temaet er jo stort, men i denne boksar her ligg det tips til kvar ein kan finne meir kunnskap om dette etter møtet.
	Temaet i dag er trygg og god skulestart. Kva som skal til for at skulestarten skal kjennest trygg og god vil variere litt frå barn til barn sjølv om mykje er felles. Vi skal starte med å sjå ein film om ulike barn ulike behov. Vis filmen Ulike barn, ulike behov - YouTube
	La foreldra få snakke til med kvarandre eit par minutt: Kva ulike behov kan ulike barn ha for å ha det trygt og godt på skulen?
	Når barn går på skule i lag vil vi at alle skal vere skulevenner. Vi forstår at ikkje alle passar like godt saman, eller likar like godt å leike med alle, men alle skal vere venner på den måten at alle seier hei til kvarandre, inkluderer kvarandre i leik, og lar alle kjenne seg viktige i flokken vår. Denne filmen handlar om det: Venner på skulen - YouTube
	Vis brosjyren frå pdf-en eller skriv den ut og del ut. La foreldra sjå på den saman, eller vis dei noko av det som står på side 2. Det er først og fremst dette det er lurt å snakke om felles i møtet. Kan foreldra bli samde om noko dei vil gjennomføre i denne gruppa i løpet av året? Er det nokon som melder seg til å vere med å planlegge? Bruk gjerne også denne Behov som bør dekkes hjemme for god læring og trivsel på skulen - Livet og sånn i tillegg eller i stedenfor.
	Avslutt med å vise kvar foreldra kan finne dette på sida heime – og sei at du vil sende lenke på e-post. Vis også at heimane kan følgje resten av det trinnet gjer i Livet&Sånn, og at der er eigne sider til heimane for kvart tema. Takk for at de kom og vel heim!